

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

---

### Forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa - Status i arbeidet ved Deloitte

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

#### Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal gjera greie for status i arbeidet med den pågåande forvaltningsrevisjonen innan kvalitet i opplæringa.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjever

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 10.05.2021 vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. I tillegg ber kontrollutvalet om at opsjon på undersøking av spesialundervisning under pandemien inngår i revisjonen med det timeforbruket som inngår i prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timer.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

I godkjent prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa har revisor definert slikt føremål:

*«Føremålet med forvaltningsrevisjonsprosjektet vil vere å undersøke korleis lærarane sin kompetanse og tilgang på vikarar i dei vidaregåande skulane påverkar kvaliteten i opplæringa, og kva system fylkeskommunen og skulane har for å sikre rett kompetanse og tilstrekkeleg tilgang på vikarar.*

*Vidare er det eit føremål å undersøke korleis ein har arbeidd for å identifisere og følgje opp særleg sårbare elevar i samband med covid-19-pandemien, for å sikre at desse elevane får ei tilfredsstillande oppfølging og at dei får den opplæringa dei har rett på. Det vil også vere eit føremål å undersøke korleis elevar med vedtak om spesialundervisning har blitt følgt opp under pandemien, og i kva grad dei har fått den opplæringa dei har vedtak om.»*

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad har Vestland fylkeskommune sikra at sårbare elevar har fått tilstrekkeleg oppfølging og opplæring under covid-19-pandemien?
  - a) Har dei vidaregåande skulane utarbeidd risikoanalysar for å kartlegge kva elevar som blir rekna som sårbare under pandemien?
  - b) Har det blitt etablert kläre rutinar og ansvarsforhold knytt til oppfølging av sårbare elevar under pandemien, for å sikre at elevane får den opplæringa dei har rett på?
  - c) I kva grad har det vore ei felles tilnærming på tvers av dei vidaregåande skulane for korleis kartlegge og følgje opp sårbare elevar?
  - d) I kva grad har det blitt vurdert å vere risiko for auka fråfall blant sårbare elevgrupper under pandemien, og i kva grad har ev. målretta tiltak blitt sett i verk?
2. I kva grad har dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune tilgang til tilstrekkeleg kompetanse?
  - a) Har fylkeskommunen tilstrekkeleg oversikt over kompetansebehovet til dei vidaregåande skulane i fylket og ein plan for å sikre nødvendig kompetanse?
  - b) I kva grad er det variasjonar mellom dei vidaregåande skulane når det gjeld tilgang til kompetanse?
  - c) I kva grad har ein klart å gjennomføre eventuelle kompetansehevingstiltak under pandemien?
  - d) Har fylkeskommunen tilstrekkeleg oversikt over kompetansen til lærarane i fylket?
3. I kva grad har dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune tilgang på kvalifiserte vikarar innanfor vidaregåande opplæring?
  - a) I kva grad blir det henta inn vikarar i samband med fråvær hjå undervisningspersonalet på dei vidaregåande skulane i fylket?
  - b) I kva grad klarar ein å sikre at vikarane i vidaregåande opplæring er tilstrekkeleg kvalifiserte?

- c) *I kva grad har skulane «lærarlause timer» ved fråvær blant lærarane, fordi det ikkje blir henta inn vikar?*
  - d) *I kva grad varierer vikartilgangen og omfang av lærarlause timer mellom skulane?*
  - e) *I kva grad meiner ulike aktørar (i fylkesadministasjonen, skuleleiinga, lærarar, elevrepresentantar) at kvaliteten på opplæringa blir påverka av tilgangen på vikarar?*
  - f) *I kva grad har tilgangen på vikarar og omfanget av lærarlause timer blitt påverka av covid-19-pandemien?*
4. *I kva grad har elevar med vedtak om spesialundervisning under covid-19-pandemien fått den opplæringa dei skal ha ifølgje vedtak om spesialundervisning?*
- a) *I kva grad er det etablert system for å sikre at elevane sine rettar som følgjer av enkeltvedtak blir ivareteke også under pandemien?*
  - b) *Korleis har høvesvis periodar med skulenedstenging, gult nivå og raudt nivå påverka elevane sitt tilbod om spesialundervisning?*
  - c) *I kva grad har det blitt gjort endringar i høvesvis omfanget av spesialundervisninga eller innhaldet i spesialundervisninga?*
  - d) *I kva grad har ev. endringar i opplæringstilbodet som følgje av covid-19-pandemien fått følgje for elevane sitt læringsutbyte og måloppnåing?*
  - e) *I kva grad er det variasjon i korleis dei ulike skulane har klart å ivareta elevar med spesialundervisning under pandemien?*

#### **Deloitte har definert slik avgrensing i prosjektet**

«Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle fylkeskommunale vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune. Eventuelle friskular eller opplæring spesielt organisert for vaksne etter opplæringslova § 4A er såleis ikkje omfatta av prosjektet. Vidare er prosjektet avgrensa til å handle om elevar på vidaregåande skular og omfattar ikkje vidaregåande opplæring i bedrift.»

#### **Vedtakskompetanse**

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel fylkestinget som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

#### **Vurderingar og verknader**

Deloitte vil i møtet orientere om status og framdrift i prosjektet. Dei vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

#### **Konklusjon**

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen elles til orientering.